

Referat frå styremøte, 22. og 23/06 2021 i Vågå/Lom

Innkalla: Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen, Frode Rudland, Gro Arneng, Kjell Gudmund Svien, Marte Stine Skålenget, Anne Terningen og Pål Kjørstad
Forfall: Gro Arneng, Marte Stine Skålenget, Anne Terningen og Kjell Gudmund Svien

Styremøte vart halde i samband med tur til Vågå og Lom der styra i lokallaga i Vågå, Lom og Skjåk var invitert til å delta.

Programmet var slik:

Tirsdag 22. juni:

- Kl. 12.00 Besøk Mari Tolstad Snerle og Mathias Snerle. «Gardsmat og sau, saueklipper og harding blant gamle ærverdige hus».
Mathias Snerle, leiar i Vågå Sau og Geit møtte oss på heimegarden Nigard Snerle og synte oss rundt i det gamle fine tunet der alle gamle hus, 20 i talet, er freda. Med interesse og kunnskap om gamle hus såg ikkje Mathias nokon bakdel med å leva i eit freda tun, og han hadde berre positive ting å seia om samarbeidet med forvaltningsmyndigheitene på dette feltet. På Snerle har dei 200 v.f. NKS der halvparten er på rister og halvparten på talle i nytt fjøs (kaldfjøs) frå 2014. Fjøset var bygd med «slepplafing» og står i stil med resten av husa på garden. Mathias er gift m/Mari og har 2 born. Mari har jobb ved sida av og Mathias er ein kjent saueklippar i området. Dei har i seinare år gjort alvor av tanken med å gjera meire uttur produksjonen på garden med å ta att lam i retur og selja kjøttet lokalt. Har bygd eit flott nytt hus, foredlingslokale, med kjølerom m/2 dører for å utnytte plassen og for mathygienen. Vidare var det reiskap, benkeplass/hylleplass/golv plass til nedskjering, kjøttkvern, pakkeutstyr og butikk. Alt var godkjent etter svært bra samarbeid med Mattilsynet. Dei hadde eit mål om å ta att 50 returlam i år i tillegg til noko rein og kje. Mathias synte oss i tillegg sorteringsanlegget sitt med tak over på utsida av fjøset, som stod oppe heile tida. Her var sauen vant til å gå, og han kunne sortera åleine saman med hunden, spesialgrind, drivgang, elektronisk klemvekt frå Knarrhult og delingsport.
Mathias hadde òg planer om å laga ferdige fårrikålsendingar i haust og hadde da eit samarbeid med Rønnaug Sternvang i forhold til levering av lokal kål. Ragnhild bur på og driv grønsak-, frukt- og bærproduksjon på garden Selatunga rett på austsida av Finna nord for Vågå sentrum. Vi reiste og besøkte ho, da ho i tillegg til økologisk drift brukte sau-ull til å fordrive ugraset mellom radane i potetåkeren. Dette var ein spesiell plass på oppsida av ein høl i Finna, der vi fekk sjå det store arbeidet ein slik produksjon kravde. Her var det apallar, poteter, lauk, kål, salat, gulrot, mais, raudbeter, erter, solbær, ripsbær, bringebær og sikkert meire til, på friland, under duk, i drivhus osv. Rønnaug hadde som mål å leva av dette med å selja produksjonen lokalt til folk og til restaurantar. I tillegg til styret var Mathias Snerle og Sverre Blankenborg frå Vågå Sau og Geit med på turen, som nå gjekk vidare til Lom
- Kl. 13.30 Avreise Vågå
- Kl. 14.30 Ankomst Fossheim Hotell Lom, innsjekking
- Kl. 15.00 «Ope time» på Fossheim m/kaffi og biteti

Her møtte det i tillegg 5 frå Lom: Tormod Rusten, Per Arne Sæterdalen, Sigurd Synstnes, Arne Bjørgen og Trond Dalsegg og 2 frå Skjåk: Susanne Brenna og Kåre Haugen. Knut ønskte velkome til treffet og håpa at deltakarane hadde med seg tema som dei ville ta opp. Av saker som vart teke opp var:

- a) Dei etterlyste standardformular for naudverjeretten, der ein kan få underskrift av grunneigarar for at andre kan bruke denne
- b) Dei etterlyste større trykk på hundeskader, der tema som NRK plakatar, andre hundeinteresseorganisasjonar og fjellstyrer/allmenningsstyrer vart teke opp
- c) Dei etterlyste om kven som har ansvar for at restkvota av jerv vert teke ut, og at hi-uttaka måtte speila resultat av kvotejakta der t.d. berre 2 dyr av kvota på 12 jerv i region 3 i 2020/21 vart teke ut. Det er førebels dokumentert 7 ynglingar i region 3, der 2 er teke, men kanskje vert det dokumentert 2 til seinare. Det vart sagt at SNO burde gjort dette og hatt ansvaret for at restkvota eller kvota av jerv har vorte teke ut

Nest på programmet skulle vera ei overrasking, da Lom Sau og Geit hadde invitert Trond Dalsegg til møtet. Det ikkje Trond visste var at han skulle bli utnemnt til æresmedlem i Oppland Sau og Geit på årsmøtet i vinter, men grunna covid-19 vart dette utsett. Vi tykte at ei slik samling var ein fin stad å overrekkja det synlege beviset på æresmedlemskapet og Pål Kjørstad fekk æra av å gje Trond nokre ord og diplommet. Dette vart svært godt motteke, og Trond vart overraska, men sjølvsagt stolt og glad og fekk trampeklapp av forsamlinga. Prosessen og grunngevinga for tildelinga var dette:

- Lom Sau og Geit foreslo Trond Dalsegg som æresmedlem i Oppland Sau og Geit
- Oppland Sau og Geit vedtok det same
- Norsk Sau og Geit godkjente vedtaket
- Trond har i ei årrekke vært aktiv og en god støttespelar for lokallaget i Lom
- Han har ei lang karriere som sauebonde og arbeidet i tillegg til gardsdrifta på landbrukskontoret i Lom
- Aktiv medlem i Lom Sau og Geit i snart 50 år
- Styremedlem i Lom Sau og Geit i nesten 30 år
- Formann i Oppland Sau og Geit frå 1999-2002
- Leiar for Høgfjellslam frå 1995-2002
- Var med å starta opp Lom Veddslag i 2001 og har sidan vore aktiv i drifta av dette
- Formann og primus motor for eiga beitelag (Soleggen) og Lom Sambeitelag i ei årrekke
- Engasjert i becquerelmåling frå da dette vart aktuelt
- Engasjert i rovdryrsaken og delteke på svært mange møter om dette temaet
- Delteke aktivt i alt lagsarbeid i Lom Sau og Geit
- Trond er ein god støttespelar for alle som gjer ein jobb for Lom Sau og Geit!

I tillegg vart dette nemnt frå Oppland Sau og Geit:

- Ein av dei få ein kan kalla «profet i eige land»
- Ein god og inkluderande leiar, som tenkjer på alle/andre
- Sau og Geit-saker i Lom: Berre å ringa Trond så stillar han opp/svarar på spørsmål

- Kl. 16.00 «Ut på tur i Lom» med demonstrasjon i bruk av drone til hjelp i småfeholdet Her var Innlandet Droneberedskap med base i Lom og Vågå v/Morten Hammeren invitert inn for ein innføring i bruk av drone inne på powerpoint og sidan reiste vi til Leirdalen for å sjå på dronebruk i praksis. Han fortalte oss at dei var med på Gjerdrum under berginga etter leirraset. Dronen han hadde med kosta med utstyr kring kr. 340.000,- med eit kjempeflott kamera inkludert funksjonen varmekamera eller termografisk kamera, gps og laser. Han kunne fortelja at ei slik drone med det kameraret kunne søkja og kartleggja eit 7 km² stort område på 1 time og finna så detaljert som tala på ein skostørrelse. Dronen har 1 ½ times flytid, tåler -25°, vind inntil 15 m/s, regn og kan kjøre 90km/t. Å bruka drone for å leita etter sau generelt eller t.d. leita etter/lokalisera rovdyr i skadefellingsoppdrag meinte han var oppdrag som kunne vera både effektive og billige løysingar. Vi reiste deretter til Leirdalen, nærare bestemt til Ytterdalssetrene der 2 Synstnesgardar har seter. Der plasserte Morten Hammeren bil med data og skjerm og kjørte opp dronen for at vi skulle sjå den i praksis. På høgre side av Dumma i bratta opp mot Dumhøe 1,5 km i luftline frå oss fekk vi sjå ei søye med 2 lam, og det var ikkje lenge før vi visste at dette var søye tilhøyrande Sigurd Synstnes inkludert id.nr. Dette er eit veldig bratt parti, og når ein fyrst skal gå etter sau der, er det greitt å vita om det er sau der og kvar den er der før ein går. Dett er eit fantastisk hjelpemiddel og det var einigheit i at dette ville fleire prøva i sankinga eller i all fall i ettersankinga i haust.
- Kl. 20.00 Middag på Fossheim

Onsdag 23. juni:

- Kl 07.30 Frokost Fossheim
- Kl 08.30 Styremøte OSG
- Kl 16.00 Heimreise

Grunna at både Pål (fyrst) og Knut (seinare på dagen) skulle vaksineras mot covid-19 onsdag 23/6 så vart noko av styremøte halda om kvelden 22/6 og resten vart halde fyrst på dagen 23/6.

Sak 35/2021: Referatsaker

- Referat frå styremøte 12/04 2021 vart godkjent utan merknader
- Møte med Statsforvaltaren Innlandet 22/04 på Teams, Knut og Pål deltok. Dette handla om info, førebuing og innspel framfor ny beitesesong

Vedtak i saka:

- Styret godkjente referatet og tok informasjonen om møte til etterretning

Sak 36/2021: NSG-saker

- Knut har hatt Teamsmøte m/leiar og nestleiar i NSG
- Knut har sendt info frå OSG til fadder i sentralstyret Torild Undheim
- Der vert arrangert grillarrangement i år òg v/Markedsrådet
- Fokus på dyrevelferd i forhold til mediaoppslag
- Vil ha og sørge for meire konkrete innspel til NSG som: medlemsrelatert arbeid, vervingsmateriell/plakat og lokallagsrelaterte saker

- Det var eit uformelt «Representantskapsmøte» eller møte for sentrale tillitsvalde, som det heiter, i NSG 24/06. Dette var planlagt og halde i samsvar med vedtak om slike møter januar 2021. Knut møtte som leiar i OSG
- Heimesida NSG/OSG: trist at så mykje historikk vart borte i overgangen. Knut og Pål fekk fullmakt til å ta dette opp med NSG
- Tilsynsplakatar, med bl.a. info om bandtvang er produsert og er tilgjengelege

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og Knut og Pål arbeidar vidare med heimesida

Sak 37/2021: Saker frå førre styremøte

- Møte med Opplandsbenken i juni. Plan og avtale, saksliste og presentasjon på møte. Det er teke kontakt med Marthe Lang-Ree/Aud Hove og Rigmor Aaserud. 5-10 min til innleiing og diskusjon 5-10 min. Tema: Jerv, økonomi, rett til å bruka beiteretten, geitetema, landskapsvern/bruk og sjølvsagt god informasjon om oss

Oppfølging: Dette er seinare bestemt at det vert gjort etter valet for å sørga for at den nye stortingsgruppa er oppdatert

- Fadderordning for lokallaga:
 - Ola Hareland: Skjåk, Lom, Vågå og Dovre
 - Jonny Mathisen: Lesja, Sel, Heidal og Fåvang
 - Marte Stine Skålenget: Nord-Fron, Sør-Fron, Ringeby, Fåberg
 - Knut Evensen: Øyer-Tretten, Gausdal, Biri og Slidre
 - Frode Rudland: Vardal, Vestre Toten, Østre Toten og Toten III
 - Anne Terningen: Søndre Land, Snertingdal og Etnedal
 - Gudmund Svien: Hadeland, Nordre Land, Kolbu
 - Gro Arneng: Vang, Austvang, Nord-Aurdal og Sør-Aurdal

- Forvaltningsplan for Hemmeldalen og Rondane som er på høring v/Jonny

Oppfølging: Jonny har delteke på 2 møter om temaet. For oss har desse handla om motorferdsel i utmark, hente skadde dyr og sette ut saltsteinar. Høyringfrist vert i september 2021

- Møte m/faglaga

Oppfølging: Utsett, men Astrid frå OBS er varsla og Knut skal ta kontakt med OB

- Medlemssjekking/verving

Oppfølging: Dette sørger fadderane for å følgje opp med lokallaga

- Sak frå Karl Øygarden om gjerder langs jernbanen

Oppfølging: Dette er sendt inn til NSG 16/3 i år, men styret i OSG må følgja opp dette

- Arbeidsavtale sekretær

Oppfølging: Dette er ikkje gjort, men Knut har i vedtaket ansvaret for dette

- Opplæring av tillitsvalgte: Vi har prata om at vi skal kjøre 3 samlingar som tidligare avtalt i løpet av hausten på Otta, Biri og Fagernes. Knut har materiellet

Oppfølging: Dette ligg enda berre på planen grunna covid-19

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og arbeidar vidare med sakene

Sak 38/2021: Arbeidsplan

- Bidra til at et medlemskap i NSG skal lønne seg i 2021 og framover for småfeholdet i Oppland
- Bygge videre på organisasjonen Oppland Sau og Geit
- Innspill til jordbruksforhandlingene 2021 og framover til 2022. Innspillene, basert på høring i lokallaga skal sendes til NSG, Innlandet Bondelag og Oppland Bonde og Småbrukarlag så tidlig som råd er
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det
- Bidra til godt samarbeid og komme med gode konstruktive innspill for småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Statsforvalteren i Innlandet, fylkeslaga over heile landet, men mest samarbeid m/Hedmark Sau og Geit, Oppland Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen
- Medlemsverving – mål mer enn 1100 medlemmer i 2021
- Oppdatering av hjemmesida, inkludert rovviltartikkelen og facebook-sida vår
- Søke FKT-midler, midler fra «Tilskudd til tiltak i beiteområder» og andre midler til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Videreføre engasjementet i rovviltarbeidet med Rovviltutvalget som bidragsyter
- Gjennomføre styremøter etter oppsett plan med saker fra/om Ring 41, geit og OGL
- Planlegge kontaktmøter/4 regionmøter i 2021 og seminar/årsmøte i februar 2022
- Arbeida med utfordringer til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder og rekruttering av avlsbuskaper i avdelingene i Ring 41 Oppland
- Arbeida med mere faglige småfesaker, som på avl-, beitebruk-, produksjons- og dyreholdsrelaterte områder
- Beholde generaldebatt på neste årsmøte
- Holde minst 2 felles styremøte og samarbeide som før med Hedmark Sau og Geit
- Arrangere tur for i Oppland Sau og Geit i 2021
- Videreføre fadderordninga med lokallaga
- Bidra til godt samarbeid og komme med gode konstruktive innspill for småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Statsforvalteren i Innlandet, fylkeslaga over heile landet, med mest samarbeid m/Hedmark Sau og Geit, Innlandet Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Sørge for å komme tidlig inn i og følge opp reguleringsplaner og arealplaner som berører beitebrukere og medlemmer i Oppland Sau og Geit

Vedtak i saka:

- Neste styremøte vert kombinert med styretur til Møre og Romsdal i august
- Neste styremøte etter dette bør leggjast til Rudshøgda og kombinerast med møte med Hedmark Sau og Geit og Nortura v/Marianne Myki om slaktesesongen og Nortura Totalmarked om prisfastsettingar som var og framover. Ring 41 v/Peder Leirdal, som er medlem i Avlsrådet for sau, vert òg invitert
- Fellesmøte m/IB og OBS skulle ha vore halde før, men det vert utsett til august/september
- Møte og informasjon om rovviltsøknader. Dette må prioriteras og Jonny har ansvar for å laga ei «oppskrift» på dette
- Møte m/OGL der Kjell Gudmund, Jonny og Knut skal ta opp tema om beredskapsplanen

- Alle i styret sjekkar sine lokallag m.o.t. årsrapporter, medlemmer m.m.
- Styret arbeidar vidare med punkta i planen

Sak 39/2021: Utmarkssaker

- Kvamsfjellet v/Jonny. Her er det full krig med hytteeigarar som ikkje tolerer beitedyr. Det er forsøkt med kontakt og hjelp frå Mattilsynet, politi, kommunen, hytteveforeiningar, fagлага i Innlandet/Oppland og fagлага lokalt. Det har vore eit lokalt møte med lokale faglag, Sau og Geit, beitelag, grunneigarlag og sameige. Situasjonen er fastlåst ved at enkeltpersonar er svært vrange, dei får med seg ei gruppe av dei andre og har sendt brev frå advokat kring beiterett/streifbeiting. NSG v/Per Fossheim har fått saka, og det har vore prata om å få ein advokat til å setja seg inn i saka og gje tilsvar
- Hundeskade v/Knut. Dette held fram som før, og NSG er varsla på nytt
- Beiteseminar Innlandet 28/10 2021. Her er vi invitert til eit evalueringsmøte etter beitesesongen

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og arbeidar vidare med sakene. Knut tek initiativ til eit møte saman med fagлага, Mattilsynet, politiet m.fl. kring hundeskadeproblematikken

Sak 40/2021: Geitesaker

- Ingen saker, men kjeslakt vart nemnt på nytt

Vedtak i saka:

- Styret vil at det skal arbeidast fram ei utgreiing om kjeslakt, produksjonen, omfanget, marknad, økonomi og omdømme

Sak 41/2021: Avlssaker sau

- Det vart halde møte med avlsavdelingane/avlbesetningane om genomisk seleksjon 06/04 2021. Styret i Ring 41 har spelt inn til Avlsrådet angående GS-testing og kostnad kring dette. I Avlsrådet vart vedtaket at gen-testing i avlbesetningar fakturerast med kr. 300,- pr. innsendt prøve, for registreringsbesetningane i avlssystemet skal det vera gratis og bruksbesetningar kan gen-testa enkeltdyr med ei startavgift på kr. 1000,- og pris på kr. 500,- pr. prøve frå januar 2022 etter visse vilkår. Det siste vedtaket må styret i NSG må godkjenna
- Sak frå Torbjørn Elvestad, prosedyrar ved livdyrsal. Knut har hatt kontakt med Torbjørn angående livdyrsal i forhold til krav om blodprøveuttak og blodprøvestatus
- Dei utsette indeksskjøringane i vår var grunna tekniske utfordringar med å dra inn og kvalitetssikra spenestorleik og haldbarheit og da GS i indeksen. Alt dette tok meire tid enn planlagt

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning. Ola følger opp saka med livdyrsal

Sak 42/2021: Rovdyrsaker

- Uttak av bjørn i Vågå på nødverje. Etter at dyreeigar skaut bjørnen, som det var gjeve fellingsløyve på, i nødverje har media og myndigheiter nok ein gong kasta seg på. Vi

vonar og trur at dette ikkje fører til nokon straffeforfølgingar for vedkommande. OSG har gjeve ein takk til vedkommande både verbalt, støtte på Facebook, lesarinnlegg i GD og med blomehelsing

- Jerv i Ottadalen/Nordalen. Det er som vanleg nok av jerv i Oppland og spesielt i Skjåk/Lesja. Ein skal heller ikkje gløyma Midtdalen. Det har vore og er berre eit tidspørsmål før fleire kastar seg på planlagt tidleg sanking
- Jonny refererte frå møte i rovviltnemnda region 3 18/06 2021

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 43/2021: Gjetarhundsaker

- Vedtak om FKT-midlar: Oppland Sau og Geit fekk inntil kr. 30.000,- i tilskot til etablering og organisering av ei beredskapsgruppe med gjetarhundekvipasjar, som kan brukast ved rovvilthendingar som krev rask innsanking av sau. I tillegg kan noko av tilskotet brukast til kurs og samlingar

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 44/2021: Oppland Radiobjøllelag

- Pakking og utdeling av utstyr 27/4 til 20/06. Frå 09/05 var det intens kvar dag med unnatak av 17/05 og 13/06, omlag 650 timar
- Utkjøring av utstyr har Jonny teke seg av det aller meste med unnatak av nokre enkelturar. I år vart garasjen nytta med pakking og varelager i eit rom og ferdig pakka i eit rom med fordeling til kommunar
- Telespor: Alle innleverte 2019 er testa og alle 2020 modeller er testa og oppgradert. Jonny har testa alle grå innleverte grå Telespor. Det er innlevert ny sending med 114 stk. grå og 260 stk 2016,17 og 18 generasjon og reklamasjon på 85 stk 2019, 2020 LTE og 2020 LORA. Det er innkjøpt eller motteke 2023 nye enheter. Vi har til saman levert inn 171 til reklamasjon, 811 til oppgradering og 1301 til panting.
- Mykje styr med å få tak i utstyr i år også
- Findmy: Alle enheter er nå gjennomgått, og enheter m/flat botn og nye grøne er lagt i eigen ask for reklamasjon
- Innkjøpt 405 stk, siste 50 i pakkeseongen
- Smartbjella: Innkjøp: 317 stk, ingen radiobjøllelagmodell, så passord er sett av Smartbjella etter innsending av idnr pr. mail
- Nofence: Innkjøp av 50 enheter til prosjekt i Midtdalen og 30 til anna brukar. Dei resterende 52 til prosjektet vart tinga, men Nofence sleit med levering og vi får dei i haust med 30% rabatt.
- Leier ut omlag: 6000 Telespor, 1650 Findmy, og 380 Smartbjella. Leieinntekter: Kr. 2.840.000, uteståande pr. nå: kr. 490.000,-
- Utfordringar med fakturaer frå Telespor i forhold til reklamasjon, panteordninga og til faktura frå Findmy i forhold til abonnement og enheter som ikkje verkar

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning, og vil ta ei evaluering rundt heile temaet etter sesongen. Pål fekk fullmakt til å vurdera innspela til Telespor og Findmy i forhold til kva Oppland Radiobjøllelag vil betale for utstyr og abonnement basert på framlagt informasjon i styremøtet.

Sak 45/2021: Eventuelt

- Ingen saker

Lom, 23/06 2021, Pål Kjørstad med hjelp frå Knut Evensen